

FOLKETALET I NOREG

av Halvard Bjørkvik

Vår eldste folketeljing er frå 1769, den er ikkje nominativ. Den eldste med namn og personlege opplysningar er folketeljinga 1801. I tillegg har vi landsdekkjande mantal, dvs lister over mannspersonar, frå börjinga av 1660-åra og 1701; dei skulle vise rekrutteringsgrunnlaget til den norske hæren. For tida før 1769 har historikarar rekna ut eller sannsynleggjørt kor mange menneske som budde i Noreg; tala må bli omtrentlege og er usikre. Dei noverande svenske landskapa Jemtland/Herjedalen og Båhus len høyrde til Noreg fram til 1648 og 1660, men dei er haldne utanfor i talrekkja nedanfor.

ÅR	FOLKETAL	ÅR	FOLKETAL
Før 1349	Ca. 450.000	1822	Folketalet passerer 1 million
Svartedauden reiv bort på lag halvparten av befolkninga		1889	Folketalet passerer 2 millionar
Ca. 1450	Ca. 150.000	1942	Folketalet passerer 3 millionar
1662, 1664	Ca. 440.000	1975	Folketalet passerer 4 millionar
1701	Ca. 504.000	2012	Folketalet passerer 5 millionar
1769	723.618 + ca.4.000 i militærgarnisonar	2016	01.01.16: 5.200.000
1801	883.487		

20.04.2016